

Prosjektbeskriving, KUKLOS – Border 1.7: Meatus

Bergen Kjøtt, september 2016

Symbiotisk samarbeidsutstilling kuratert og koordinert av Rasmus Hungnes og Ellen Ringstad (KUKLOS) i samarbeid med Annine Birkeland og Stig Anderson (Bergen Kjøtt)

Andre medvirkande: Josefine Lyche, Eric Wangel, Benedicte Clementsen, Kreuzberg Pavillon, Kjetil Mørster og William Hooker

Bergen Kjøtt er ein smelteidig der ein enorm mengde kulturaktørar innan forskjellige kreative felt arbeider og møtast. Slik sett passar lokalet perfekt for eit symbiotisk og tverrfaglig kunstnarisk samarbeid av den typen vi har visjonar om å gjennomføre. Vi – Ellen Ringstad og Rasmus Hungnes – har begge mykje erfaring med kunstnarisk samarbeid og organisasjonsarbeid, både frå ymse styreverv (vi møttest då vi sat i Kunsthøgskolen i Bergens hovudstyre, og har begge hatt fleire andre verv sidan den gong, mellom anna i Bildende Kunstneres Forening Hordaland) og administrasjon og gjennomføring av kreative prosjekt: Rasmus Hungnes dreiv det hyperaktive visningsrommet Premiss i samarbeid med Tarald Wassvik fra 2010-2012, Ringstad var med i styret til Galleri Fisk 2009-2010 og kuraterte eit galleri-i-galleriet i den vesle einpersonssaunaen på Premiss. Sammen sette vi saman gruppeutstillinga pOTSYd i 2013, og sidan den gong har vi jobba fram ei rekke utstillingar og prosjekt i tandem under KUKLOS-fana.

Med KUKLOS – Border 1.7: Meatus vil KUKLOS-prosjektet opnast opp for fleire kunstnerskap, og slik bli ein kombinasjon av den kreative essensen i pOTSYd og KUKLOS. Det er tale om ei symbiotisk samarbeidsutstilling som vil finne stad i september 2016 på Bergen Kjøtt, og ta form av ein totalinstallasjon, eit *Gesamtkunstwerk* der grensane mellom individuelle kunstnarar viskast ut, dei deltagande kunstnarar koma flyt i hop og går opp i ei høgare eining. I tillegg til at det har ein ordlydmessig konnotasjon til Kjøtt (meat), kjem omgrepene *Meatus* etymologisk frå latin *meare* (å flyte eller renne), *meatus* (passasje) til den moderne tydinga, kroppsopningar. Vi trur på synergieffekten, og at samarbeidet mellom vår saming av framifrå, engasjerte og opne kreative aktørar vil resultere i noko som er større enn summen av dei enkelte delane – ein felles «kropp av arbeid», om ein skal spele på det engelske omgrepene *body of work*.

Som kulturaktør i Bergen og Hordaland kan det vere vanskeleg å gjere seg synleg i ei fagleg sfære der Oslo først og framst ser mot seg sjølv, og blikka frå utlandet først og framst ser mot Oslo (hovudstaden har blitt gjenstand for mykje hype i internasjonal kunstpressen dei siste par åra). Den internasjonale triennalen Bergen Assembly gjer at verda mellombels blir meir interessa i lillebror Bergen, og at folk i bergensregionen mellombels blir litt meir oppteken av samtidskunst. I 2013 nyttet vi høvet til å dra nytte av denne interesseboosten, og kuraterte gruppeutstillinga pOTSYd, som gjekk parallelt med Bergen Assembly 2013 i eit holeliknande tilfluktsrom under Bergen sentrum (mellan Nykirkeallmenningen og Galgebakken).

pOTSYd vart tenkt ut som ein laus reaksjon på det lille vi visste om Bergen Assembly 2013 på førehand – at det knapt var nokon kunstnarar med som hadde lokal tilknyting, og at det omhandla omgrepet utopi. Så vi samla eit knippe kunstnarar med bergenstilknytting, og laga eit konseptuelt rammeverk som handla om dystopi, tufta på Holbergs sci-fi-soge om *Nils Klins Reise til den Underjordiske Verden* (1741). I romanen reiser Klim tilbake til heimbyen Bergen etter lang tids studium i utlandet, og i eit forsøk på å bli teken opp i det lokale vitskapsetablissementet tek han på seg eit oppdrag som ingen annan vil ha: å undersøke ei hole på Fløyen som lagar merkelege lydar. Han ramlar ned i eit hol inne i hola, og oppdagar at det finst eit mikrokosmos inne i planeten. Etter å ha forsøkt å skremme bort ein blodtörstig griff ved å vifte med vitnemål og CV, landar han på planeten Nazar, og besøker mellom anna byen Potu, som baklengs blir utop(i). pOTSYd baklengs blir dystop(i).

Med oss hadde vi kunstnarane Jonas Ib Jensen, Veronica Rebecca Johansen, Bjørn Mortensen, Eric Wangel, Anja Carr, Judas van der Berg, Øyvind Mellbye, Gabriel Kvendseth og Thomas Pihl, alle anten busett i Bergen, fødd i Bergen eller utdanna i Bergen. Merkeleg nok ville ikkje Kulturrådet støtte prosjektet – visstnok av di dei hadde bestemt seg for å ikkje støtte fringe-prosjekt til Bergen Assembly. Dette var ei svært underleg avgjerd, for det virkar openbart for oss at eit slikt internasjonalt høve er ein god mogelegheit til å få syna fram det regionale og nasjonale kunstlivet, i tillegg til det institusjonelle. Rett nok nok gjorde den tronge økonomien jobben vanskelegare for oss, men då Kulturrådets representantgarde kom innom utstillinga vår blei det uttrykt at «oi, dette er jo faktisk bra». Likevel har vi denne gongen allereie motteke nok eit avslag for førproduksjonen av årets utstilling frå Kulturrådet. Det kan virke som om det kostar å ikkje vere jamnleg aktiv i Oslo.

Denne gongen ser vi oss sjølve mindre i forhold til triennalen, og meir som eit uavhengig kunstnarisk prosjekt. At vår utstilling går føre seg samstundes som hovuddelen av triennalen er snarare ein bonus som kan føre til at eit anna og større publikum får med seg prosjektet. Denne gongen har faktisk Bergen Assembly-leinga tilbydd oss å bli ein del av deira program, noko som vidare syner at vårt prosjekt i 2013 var vellukka. (pOTSYd blei svært godt besøkt, BT gjorde fleire saker på prosjektet og vi blei nominert til Natt&Dags pris for årets kunst.)

Samtlige av dei inviterte er kunstnarar av høgt kaliber, og samtlege har takka ja til å ta del: Ein tropp *spiritual warriors*, for å låne eit omgrep filmskapar, psykomagiker, tegneserieskapar og forfattar Alejandro Jodorowsky brukte om folka han hadde med på laget til sin ufullendte film *Dune* (jfr. *Jodorowsky's Dune* (Frank Pavich, 2014)). Alle i hop jobbar med ein stor grad av kontekstsensitivitet, og den dynamiske installasjonen vi saman set saman vil vere både tids- og stadspesifikk, samstundes som han på eit vis transcenterer tid og rom.

Eric Wangel jobbar med videoinstallasjon og performance for video. Gjennom tung postproduksjon og digitale effektar transformerast kvardagslege og naturlige fenomen til estetiske «videoobjekt» med hypnotisk og poetisk effekt, ofte med konnotasjonar til det paranormale. Eit prima døme er videoverket *The Following*, filma i ei trøng handlegate i Kyoto. Her blir eit halvt, helit ordinært minutt transformert til noko transcendentalt, ved å bli strekt ut med digitale filter til å vare nesten ein heil time. Rørsla i bildet er så kraftig redusert at ho knapt er merkbar. Wangel var i 2011-2012 basert i Tokyo, Japan, men bur og jobbar for tida i Bergen og på Ostereidet. Han laga musikkvideoen til Susanne Sundfør's hitsingel *The Brothel*.

Benedicte Clementsen er basert i Bergen. Ved sidan av å vere yogainstruktør, jobbar ho med performance- og installasjon som rører seg i grenselandet mellom kropp og sjel. Ho er involvert i Performance Art Bergen, var ein av organisatorane bak performancefestivalen Never or Now i Bergen i 2011, og co-kuraterte i 2015 gruppeutstillinga (med bergenskunstnarar) *Which is a way of saying: a word was removed* saman med Johanne Hestvold på Kunstnerforbundet i Oslo.

Josefine Lyche er Carnegie Art Award-nominert installasjonskunstnar, og jobbar med symbol henta frå heilag geometri, astrologi og andre esoteriske tradisjonar. Ho er fødd og til dels oppvachsen i Bergen, og for tida basert i Oslo. Ho driv det kunstnarstyrte visningsrommet Lynx i Paviljongen på Utsikten i Frognerparken, ved sidan av ein hyppig utstillingsaktivitet.

Rasmus Hungnes har sidan det kunstnarstyrte visningsrommet Premiss blei nedlagt i 2012, pendla mellom Bergen, Berlin og Molde. Ved sidan av si karriere som kunstnar med teft for kontekstsensitiv samansetning av symbolikk, det vere seg frå popkultur eller religiøse tradisjonar, har han utvikla ei lysande karriere som ettertrakta skribent og kritikar. I 2014 mottok han Bergen kommune sitt einaste årlege arbeidsstipend for visuell kunstnar, og etter eit år med hyppig utstillingsaktivitet, alltid med nye verk tilpassa staden, trådte han inn i redaktørstolen for kunsttidsskriftet KUNSTforum, som han blei invitert til å overta. Han har eit progressivt og grenseoverskridande kunstsyn, og har sjølv bakgrunn som trommeslagar og musikkklærar. Han skriv om musikk, dataspel og film i tillegg til om kunst.

Ellen Ringstad blei i 2012 nominert til Natt&Dags pris for årets kunst med utstillinga Det Ruinrelaterte på Prosjektmrom Normanns i Stavanger. Ho jobbar med interdisiplinær installasjon, og hennar verk ligg ofte i grenseland mellom det ultraestetiske og frastøytande. Nokre nærliggande referanser er arte povera og eksistensialistisk filosofi. Ho har også ein filantropisk tendens til å ta på seg verv og engasjement for fellesskapet, og samarbeidet mellom Ringstad og Hungnes starta då dei blei kjend som studentrepresentantar i KHIBs hovudstyre i 2009.

Det berlinbaserte kunstnarstyrte prosjektmrommet Kreuzberg Pavillon, drive av Lisa Schorn og Heiko Pfreundt (organisator for Project Space Festival Berlin 2016), har hatt ein formidabel utstillingsaktivitet sidan oppstarten i 2009. Dei lager ei ny utstilling kvar veke, og denne er åpen for publikum lørdagar frå kl 20:00 til 01:00. Staden er ein fruktbar smelteidigel for kunstnariske møter og samarbeid. Nettopp samarbeid er nøkkelordet – her arrangerast det berre soloutstillingar dersom publikum speler ei avgjerande og deltakande rolle i gjennomføringa eller utforminga av den individuelle kunstnaren sitt prosjekt. I 2015 starta dei sideprosjektet Heavy Petting Gallery, som fokuserer på kunstnariske prosjekt der kunsten skal flyttast, rørast ved eller manipulerast av publikum. Kreuzberg Pavillon har vore i Bergen før: Dei gjorde ei gjesteutstilling på KNIPSU i 2014, kalla *The Wearable Art Show*. Her tok både Berlin-baserte og Bergens-baserte kunstnarar del, og det var også her vårt samarbeid med dei starta. I 2016 fokuserer dei utelukkande på kortfristige *open calls*, noko som aukar dynamikken desto meir. Kreuzberg Pavillons bidrag på Bergen Kjøtt vil gå føre seg som ein serie kortare «utstillingar-i-utstillinga», i ei litra «hytte» eller «tårn» inne i installasjonen, og kjem til å føre til at fleire lokale kunstnarar vil få sjansen til å delta i prosjektet.

Den legendariske improvisasjonstrommeslagaren William Hooker har sidan starten på karriera si vore engasjert i studiet og handsaminga av esoterisk filosofi og tradisjonar. Hans residency på John Zorns The Stone i New York i februar, der han spilte 12 konsertar i løpet av 6 kveldar, alle i forskjellige konstellasjonar av musikarar, hadde Göthes fargeteori som konseptuelt bakteppe. William Hooker ønskjer å gjere ein liknande «improvisatorisk residency» inne i installasjonen på Bergen Kjøtt. Ideen her er at han speler mange konsertar gjennom utstillingsperioden, men med forskjellige sammensetningar av musikarar kvar gong. Musikk- og lydutstyret, så vel som musikarane, vil handsamast av dei visuelle kunstnarane som del av installasjonen. Hooker har heldt på med sin eigen improvisasjonsmusikk sidan sent på 70-tallet, og er en pionér blant trommeslagarar som konsekvent spelar sin egen musikk i stadet for å bli definert som «sidemann» i andre sine band. Dette tyder ikkje at han er eigen eller egosentrisk, men snarare er han nettopp svært interessert i symbiosen og synergien som kan oppstå når fleire musikarar, fleire improvisatørar, flere kreative krefter samlast rundt ein idé eller den same komposisjonen – interessert nok til å akseptere det totale ansvaret for samarbeidet sjølv.

Saksofonisten Kjetil Møster har det siste tiåret markert seg som ein prominent figur på avantgardejazzscenen, så vel som i rockeorienterte band som Datarock og King Midas. For tida jobbar han mest med sitt eige band, Møster!, og i 2016 blei han nominert til Spellemannsprisen. Møster jobbar sjølv på Bergen Kjøtt, og med sitt enorme musikalske nettverk skal han kuratere eit musikalsk program for William Hookers residency. Dermed vil bruer byggjast både til Hooker sjølv og USA, men òg dei norske, lokale og regionale musikarane seg i mellom, og mellom det visuelle feltet og musikkfeltet. Ein sjangeroverskridande tverrfaglighet som dette trur vi er essensiell for Bergen og Hordalands utvikling som eit kulturelt og kunstnarisk senter.

Vi – Ringstad og Hungnes – blei ved eit kosmisk samantreff kjent med Hooker på ein nyleg sjølvorganisert residency vi gjorde i New York, og vi fann etter kort tid tonen i så høg grad at avantgardemusikk-veteranen sjølv føreslo at vi burde gjere eit kunstnarisk samarbeid. Han er ein signifikant størrelse innan amerikansk avantgardemusikk, og kombinert med våre delte estetiske og åndelege referansepunkt, representerer dette ein unik mogelegheit til å skape nye koplingar mellom kreative krefter.

Vi vonar Sparebanken Vest har lyst til å hjelpe oss med å gjennomføre prosjektet vårt – vi har sjølv svært stor tru på at kombinasjonen av kunstnarar vi har med på laget kjem til å skape ei svært fruktbar synergieffekt, som vil vere interessant for eit breiare publikum enn musikken eller kunsten åleine.

Med venleg helsing
Rasmus Hungnes og Ellen Ringstad